

## Berekraft på agendaen- kva og korleis?

Eit klima i endring og aukande sosial ulikskap er utfordringar vi møter i vår tid. Enkeltmenneske legg om kosthald og levesett. Verksemdar lagar retningslinjer for alt frå internstyring til kva marknad dei skal satse på. Kommunar lagar klimabudsjettt og samfunnsplanar som stakar ut dei langsiktige vegvala, og dessutan handlings- og arealplanar som skal realisere måla for ei meir berekraftig framtid.

Å nå krava til redusert CO2-utslipp, nedfelt i Parisavtalen er ambisiøst, og vi har dårleg tid. Politikarar og planleggarar har eit stort ansvar for å fortolke berekraftsmåla og finne verkemidla som gjer at deira kommune bidrar til "Det grønne skiftet". Korleis stø opp om og legge til rette for endring hos den einkilde, som gjer at vi dreg lasset i same retning? Plankonferansen vil i år sette fokus på kva FN sine berekraftsmål kan bety, og korleis vi kan omsette dei gode intensjonane til handling.

### Målgruppe:

Politikarar og administrasjon i fylke og kommunar, regional og statleg forvaltning, konsulentar, utdannings- og forskingsmiljø, næringsorganisasjonar og relevante nærings- og fagmiljø.

### Fagleg innhald

Konferansen fokuserer på korleis offentlege og private aktørar gjennom sitt arbeid på ulikt vis jobbar med å løyse sine utfordringar lokalt, og korleis FN sine berekraftsmål kan vere ei rettesnor i arbeidet. Kva kunnskap har vi og korleis gjer vi det?

Konferansen vil i gå nærare inn på berekraftsmåla #11 Berekraftige byer og samfunn, #15 Liv på land, og #17 Samarbeid for å nå målene i tre ulike sesjonar.

### Praktisk informasjon

Konferanseprogrammet går over to dagar; onsdag 23. og torsdag 24. oktober. Siste del av torsdagen er delt i tre ulike sesjonar med ulikt fokus, og det er høve til å delta på heile eller delar av konferansen. Kvelden 23. oktober vert det arrangert festmiddag for alle deltakarane.

### Prisar

|   |        |
|---|--------|
| Dagpakke m/ lunsj 23. og / eller 24. oktober:           | Kr 500 |
| Dagpakke m/ lunsj 23. og / eller 24 oktober, student    | Kr 250 |
| Festmiddag 23. oktober om kvelden (ingen studentrabatt) | Kr 600 |

### Påmelding

Elektronisk påmelding på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Vel Kalender og 23.oktober. Påmeldinga er bindande og det vert fakturert konferanseavgift ved avmelding etter påmeldingsfrista 8. oktober.

### Overnatting

Deltakarar syter sjølv for overnatting. Konferansedeltakarar kan få enkeltrom for 800 kr og dobbeltrom for 1000 kr på Grand Terminus ved bestilling innan 08. oktober. Tlf: 55 21 25 00.

### Programkomitéen

Egil Hauge (FMV), Åse Vaag (FMV), Eva Katrine Taule (HFK), Tina Sinclair (HFK), Liz Eva Tøllefsen (HFK)

### Spørsmål om konferansen:

Praktiske spørsmål kan rettast på epost til [Tina.Sinclair@hfk.no](mailto:Tina.Sinclair@hfk.no)



Bergen 23. – 24. oktober, hotel Grand Terminus

# Plankonferansen 2019

FN sine berekraftsmål - korleis gjer vi det?







## Onsdag 23. oktober

Møteleiar: Kjell Håland, nestleiar Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Hordaland fylkeskommune

0900-1000 Kaffi, minglemat og registrering

1000-1015 Kulturinnslag ved Roskva Yasmin Andersen

### Introduksjon

1015-1030 Velkomen til konferanse!  
Fylkesordførar, Vestland fylkeskommune

1030-1045 Vegen mot eit berekraftig Vestland  
Gunnar Hæreid, ass. fylkesmann, Fylkesmannen i Vestland

1045 -1110 FNs bærekraftsmål: Globale spørsmål - lokale svar  
Anne Cathrine Uteng da Silva, generalsekretær, FN-sambandet

1110-1145 FN sin rapport om biodiversitet og økosystem - korleis kan vi handle?  
Anne Breistein, naturforvaltar, Sabima

1145-1245 Lunsj

### Berekraft som premiss

1245-1305 Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging  
Erik Vieth Pedersen, avd. dir. Kommunal- og moderniseringsdepartementet

1305-1330 Regional planstrategi; kunnskapsgrunnlag og utfordringar for Vestland  
Marit Rødseth, prosjektleiar, Hordaland fylkeskommune

1330-1400 Bergen som attraktiv og bærekraftig by  
Anna Elisa Tryti, tidl. byråd for byutvikling, Bergen kommune

1400-1420 Pause

### Korleis gjer dei det andre stadar?

1420-1450 Hjemlengsel - bustaden som førestnad for sosial berekraft  
Anne-Kristine Kronborg, arkitekturhistoriker og forsker, OBOS

1450-1520 Attraktiv by og tettstad i Norden- Middelfart  
Jørgen Knutsen tidl. plan og byggesaksjef, Middelfart kommune, Danmark

1520-1550 Biosfæreområde som premiss for berekraftig samfunnsutvikling  
Jarle Skeidsvoll, leiar av styringsgruppe biosfæreområdet, Osterøy kommune

1550-1620 Berekraftsmålea som rammeverk,- frå strategi til praktisk bruk  
Kristine Andenæs, seksjonsleiar Strategi og utredning, nye Asker kommune

1620-1645 Panelsamtale v/ Tor André Ljosland, leiar KIRU

1645 Avslutning ved Kjell Haaland

1900 Aperitiff

1930 Festmiddag på Grand Terminus. Taler og musikkinnslag

## Torsdag 24. oktober

Møteleiar: v/ Fylkesmannen i Vesland

0830-0900 Registrering nye

0900-0915 Velkomen  
Kulturinnslag; "Under grønne venger" av forfatter Ane Soldal Hagebø

0915-0940 Berekraftig planlegging med fokus på tettstaden  
Stina Ellevseth Oseland, forskar, SpaceLab, Universitetet i Bergen

0940-1010 Plan- og bygningslova som reiskap for å ivareta berekraftmåla  
Nils Aarsæther, professor em. ved UiT, Norges arktiske universitet.

1010-1040 Klimatilpassing i kommunane  
Carlo Aall, professor ved Høgskulen på Vestlandet og leiar av Noradapt - Norsk senter for berekraftig klimatilpassing ved Vestlandsforskning

1040-1100 Pause

### Sesjon 1 #11 Berekraftige byar og samfunn

Sesjonsleiar: Liz Eva Tøllefsen, spesialrådgjevar by- og stadutvikling, Hordaland fylkeskommune

#### Berekraft som tema i samfunns- og arealplanlegging

1100-1130 Korleis oppnå berekraftsmål på lokalt nivå? Fokus: sosial berekraft  
Alf Helge Greaker, samfunnsplanleggjar Bømlo kommune

1130-1200 Sosial overflatefaktor som verktøy i samfunnsplanleggingen  
Tord Bakke, sosialantropolog og planlegger, 3RW arkitekter

1200-1300 Lunsj

#### Mobilitet og digitalisering

1300-1330 MUST – Mobilitetslaboratorium for Utvikling av Smarte Transportløsningar  
Tom Osnes Svellingen, prosjektleiar MUST, Bergen kommune

1330 - 1400 Stavanger - Noregs smartby 2019

1400-1420 Pause

#### Berekraftig lokalsamfunnsutvikling

1420-1450 Coworking / Coliving - frå landbrukskooperativ til næringslandsby,  
Greifswald, Tyskland  
Maik Riebort, initiativtaker og fasilitator.

1450-1500 Samtale og spørsmål

### Sesjon 2 # 16 Liv på land

Sesjonsleiar: v/ Fylkesmannen i Vesland

#### Kunnskapsgrunnlaget

1100-1130 Naturmangfaldsrapporten  
Magnus Johan Steinsvåg, seniorrådgjevar, Fylkesmannen i Vestland

## Første del i plenum

1130-1200 Nytt sturdietilbod ved UiB: #16 Korleis beskytte, gjenopprette og fremje berekraftig bruk av naturen og stanse tap av artsmangfald?  
Inger Måren, førsteamanuensis, UNESCO Chair for Bærekraftig Arv og Miljøforvaltning, Universitet i Bergen

1200-1300 Lunsj

#### Strategiar for framtida

1300-1330 Bynært landbruk og nye driftskonsept  
Asbjørn Barlaup, Voll gard, Trondheim

1330-1400 Arealplanlegging som tar omsyn til eit endra klima  
Toralf Otnes, senioringeiør, NVE

1400-1420 Pause

1420-1440 Verdien av lokalt engasjement rundt Apeltunvassdraget  
Reidar Stålesen, Steinerskolen/ bystyrerepres. i Bergen

1440-1500 Nedenfra-og-opp-initiativ  
Arnold Matre, Folkeaksjonen mot vindkraft

### Sesjon 3 # 17 Samarbeid for å nå måla

Sesjonsleiar: Tina Sinclair, seniorrådgjevar regional planlegging, Hordaland fylkeskommune

#### Nye verkemiddel

1100-1130 Grønneviken – byboliger og delekultur  
Isabel Melo, seniorarkitekt, plan- og bygningsetaten, Bergen kommune

1130-1200 Kommunen som aktiv boligpolitisk aktør  
May Britt Hernes, Asplan Viak

1200-1300 LUNSJ

#### Nye arenaer

1300-1340 Vestnorske lokalsamfunn - spelerom for endring?  
Mona Steinsland, rådgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune,  
og Frode F. Jacobsen, sosialantropolog ved Høgskolen på Vestlandet.

1340-1400 Erasmus + VET - Utvikling av berekraftige, urbane sentra gjennom strategisk partnerskap. Per Nordmark, prosjektleiar, Hordaland fylkeskommune

1400-1420 Pause

1420-1450 Bærekraftig stedsskapning - små steder, store muligheter!  
Katja Bratseth, stedsantropolog, del av teamet Byantropologene

1450-1500 Samtale og spørsmål